



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Per Gunnar Veltun
Bygdinvegen 1236
2943 ROGNE

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/9018

Arkiv:

45/12, L42

Vår dato:

03.08.2026

Saksnr.	Utval
214/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
190/26	Kommunestyret

Byggeløyve - Oppføring av reiskapshus - 45/12 Bygdinvegen 1236

Tiltak: Reiskapshus
Byggjestad: Gbnr: 45/12 Bygdinvegen 1236
Tiltakshavar: Per Gunnar Veltun
Bygdinvegen 1236
2943 ROGNE

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektør v/ leiar av næring, plan og byggesak, oppføring av reiskapshus på gnr. 45, bnr. 12, i samsvar med søknad datert 09.06.2026.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggeplassen skal leverast til godkjent mottak.
2. Dersom det under arbeid i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det kan påverke ved kulturminna eller sikringssona på fem meter kring kulturminna, jf. *lov om kulturminne* § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktane i Innlandet fylkeskommune.

Saksopplysningar

Per Gunnar Veltun har sendt inn søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av reiskapshus på gnr. 45, bnr. 12.

Bygningen vil få eit bebyggd areal (BYA) på 105 m² (17,5 meter x 6,0 meter). Mønehøgda er oppgjeven til 5 meter. Bygningen ligg 50 meter frå Fylkesveg 51.

Sentralbord: 61 35 25 00
Dir. telefon: 46805278
Org.nr: 961382068
E-mail: frank.skoglund@oystre-slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

Vurdering

Eigedomen er ikkje omfatta av reguleringsplan. Gjeldande plan for området er *Arealdelen av kommuneplanen 2026-2038*. Eigedomen er ein landbrukseigedom med arealføremål LNFR (landbruk-, natur-, friluftsføremål), der tiltak knytt til stadbunden næring er tillat.

Oppføring av reiskapshuset er vurdert å vere i samsvar med arealføremålet og gjeldande føresegn. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Det er gjennomført dokumentanalyse gjennom Geodata AS den 03.08.2026. Det er ingen interesser som blir råka av bygningen.

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Bygningen vil vere lite synleg frå naboeigedomar og avstanden til nabogrensene er stor. Det er difor vurdert at nabovarsel ikkje er naudsynt jf. plan- og bygningslova § 21-3.

Teikningsdokumentasjon

Løyyvet er basert på teikningar med journaldato 15.06.2026.

Gebyr

For handsaming av byggesøknaden er det eit gebyr på kr. 5 287 jf. kommunens gebyrsatsar § 3.2.2.3 Søknadspliktige tiltak etter pbl.§20-4 inkl. ferdigattest - Driftsbygning i landbruket.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyyvet er gjeve, fell løyyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.